

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 29.11.2019
Stad: Flå, Flå Veksthus

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor, Ål kommune
Pål Rørby, Hemsedal kommune (sak 60 -64)
Petter Rukke, Hol kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Tore Haraldset, Nes kommune
Merete H. Gandrud, Flå kommune

Desse møtte frå administrasjonen

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
Linda Dalene Bjerke, prosjektleiar

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:

Iselin Haugo, fylkeskontakt
Bjørn Tore Ødegården, fylkeskontakt

Desse møtte frå rådmannsutvalet

Ole Johnny Stavn, Hol kommune
Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune
Hege Mørk, Gol kommune
Jan Olav Helling, Hemsedal kommune
Henrik Skovly, Nes kommune
Odd Egil Stavn, Flå kommune

SAK 60/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 18.10.2019

Vedtak

Protokollen 18.10.2019 er godkjent.

SAK 61/19 MØTE MED POLITIKONTAKT FOR HALLINGDAL

Brit Fyksen, lensmann i Hallingdal og Pål K Mikkelerud, politikontakt i Hallingdal orienterte om rollar og funksjonar til politikontakten, erfaringar, regionale utfordringar og vegen vidare (vedlagt presentasjon). Det vart og teke opp spørsmål om felles politiråd i Hallingdal. Argumenta for dette kan ma. vera, enklare administrasjon, færre møter, felles forståing av utfordringar. Ulempa kan t.d. vera at ein «mistar» lokale utfordringar/problemstillingar. Fleire regionar har innført felles politiråd.

Regionrådet for Hallingdal såg verdien med felles politiråd, med t.d. eit møte i regionrådet og eit møte i Hallingtinget kvart år. Ordførarane vil drøfte felles politiråd i eigen kommune, før det eventuelt blir ei konkret sak i regionrådet.

SAK 62/19 MØTE MED SPAREBANKSTIFTELSEN HALLINGDAL

Torleif Bjella, leiar i Sparebankstiftelsen Hallingdal og Ragnhild Kvernberg, styremedlem orienterte om sparebankstiftelsen i høve til formål, gåvepolitikk og tankar om framtida, vedlagt presentasjon.

Sparebankstiftelsen Hallingdal ynskjer ein nærare dialog m.a. for å få ei breiare forståing/definisjon av omgrepa allmenn nytte/samfunns nytte. Er det gode og viktige samfunnsnyttige og langsiktige prosjekt /formål som det kan samarbeidast om med regionråd/kommunar og andre regionale aktørar?

Med bakgrunn i tidlegare drøftingar med ulike aktørar inkl. Sparebankstiftelsen Hallingdal presenterte dagleg leiar forslag til korleis ein kan koma vidare for å arbeide for kraftfulle og framtidsretta satsingar til beste for Hallingdal. I tillegg til Sparebankstiftelsen Hallingdal er Sparebank 1 Hallingdal og Valdres, Skue Sparebank, Gjensidige Hallingdal og Hallingdal Kraftnett førespurt om å vera med i felles drøfting om Hallingdal sine mogelegheiter/utfordringar, som grunnlag for prioriteringar i fellesskap, eller kvar for seg, noko alle har takka ja til. Regionrådet for Hallingdal vil invitere til ein felles arbeidsdag på nyåret, der det frå forskingsmiljø vil bli presentert status og ulike framtidbilette for Hallingdal. Arbeidet vil og bli sett i samanheng med ny Strategisk plan for Hallingdal.

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vil på nyåret invitere m.a. Sparebank 1 Hallingdal og Valdres, Sparebankstiftelsen Hallingdal, Skue Sparebank, Gjensidige Hallingdal og Hallingdal Kraftnett til ein felles arbeidsdag om Hallingdal sine mogelegheiter/utfordringa. Tema vil m.a. vera korleis sentrale samfunnsaktørar kan samarbeide med regionråd/kommunar og andre regionale aktørar om viktige samfunnsnyttige og langsiktige prosjekt til beste for Hallingdal si framtid.
2. Dagleg leiar får ansvaret for planlegging av dagen og engasjement av ekstern kompetanse.

SAK 63-19 HALLINGDAL – BEREKRAFTIG REISEMÅL, ORIENTERING, DRØFTING

I samband med prosess for å avklare korleis destinasjonane i Hallingdal og Hallingdal som region kan arbeide vidare med målsetting «berekraftig reisemål» orienterte Tove Sletto, Jan Erik Dietrichson (skype) og Linda Dalene Bjerke om:

- Føremålet med berekraftig reisemål
- Prosess, arbeidsomgang
- Status Hallingdal

Vedlagt presentasjon.

Etter at pågåande forstudie er gjennomført vil det kunne sendast forprosjektsøknaden til Innovasjon Norge. Alle dei seks destinasjonsselskapa i Hallingdal ynskjer å gå vidare med forprosjekt. I forprosjektfasen er det godt nok at kommunane stadfestar overfor destinasjonsselskapa at dei vil vera med i prosessen. Regionrådet for Hallingdal signaliserte støtte til å gå vidare med forprosjekt.

SAK 64/19 TILSETJING AV NY DAGLEG LEIAR I REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Innstilling frå tilsetjingsrådet

Jan Olav Helling blir tilsett som dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal. Helling startar i stillinga etter nærare avtale. Rådsordførar får fullmakt til å avtale lønsplassering og inngå arbeidsavtale.

Handsaming

Ordførar Pål Rørby gjekk frå som innhabil.

Vedtak, samrøystes

Jan Olav Helling blir tilsett som dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal. Helling startar i stillinga etter nærare avtale, seinast 1. april 2020. Rådsordførar får fullmakt til å avtale lønsplassering og inngå arbeidsavtale.

SAK 65/19 EVENTUELT

Felles praksis for støtte i forhold til t.d. kulturføremål

Ordførar Heidi Granli tok opp spørsmålet om det kunne vera føremålstenleg å ha felles praksis for støtte i forhold til regionale lag og organisasjonar.

Vedtak

Regionrådet ber rådmannsutvalet gjera ei vurdering av event. felles praksis overfor regionale lag og organisasjonar, i samband med driftsstøtte og «vertskommuneansvar».

Endring dato Hallingtinget

Vedtak

Dato Hallingtinget blir endra frå 23 -24.4.2020 til 29 – 30.4.2020

Hallingdal 4.12.2019

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

- Presentasjon sak 61/19
- Presentasjon sak 62/19
- Presentasjon sak 63/19